

TAXI 1 AS  
Postboks 2420 Drotningstveit  
5834 BERGEN

Dato: 16.04.2018  
Vår ref.: 2015/2797-25  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Melding om vedtak - søknad om midlertidig dispensasjon frå vilkår om rullestoltransport

Løyvestyresmakta viser til tidlegare kontakt, sist korrigert søknad av 09.03.2018 frå Taxi 1 AS.

### Dagens situasjon

Taxi 1 skal etter fylkesutvalet sitt vedtak frå 2004 nytta bil med storleik 10-17 sete på 10 av løyva tildelt sentralen og slik tilby rullestoltransport. Taxi 1 fekk etter søknad i 2014, nedklassa 5 stk. løyve til inntil 9 sete med plass til 1 rullestol.

Selskapet skal i dag ha 5 stk. løyve med bil storleik 10-17 med plass til rullestol og 5 stk. løyve med bilar for inntil 9 sete med plass til rullestol.

Taxi 1 opplyser at selskapet per i dag har 2 stk. rullestolløyve i drift. Dette gjeld løyva R-5004 og R-5011 som begge har bil i storleik 10-17 sete og plass til 3 rullestolar i kvar bil. Selskapet opplyser at det ikkje er planer om å endra dette.

I løyveregisteret er berre R-5004 registrert som bil i storleik 10-17 sete med tekniske krav om rullestol. Når det gjeld R-5011 er det ikkje samsvar mellom vilkåra som går fram av løyvedokumentet og den bilen som er registrert på løyve. Løyvestyresmakta har ingen innvendingar mot at Taxi 1 heller nyttar storbil på R-5011 som ikkje er tilbakekalla, enn på R-5001 som er kalla tilbake. Det skal alltid vera samsvar mellom vilkåra som står på løyvedokumentet og den bilen som faktisk er registrert på løyve. Taxi 1 må derfor levera inn løyvedokumentet for R-5011 i original for endring av vilkår på løyvedokumentet.

### Korrigert søknad

I den korrigerede søknaden av 09.03.2018, søker Taxi 1 om midlertidig dispensasjon frå vilkår om rullestoltransport på 8 stk. løyve, samstundes som selskapet held fast på søknad om endring av vilkår frå bil med 10-17 sete til liten bil inntil 9 sete på 10 bilar. Taxi 1 presiserer at selskapet «ønsker å kjøpe rullestolbilar, altså ikkje rullestolbusser» og viser til sitt brev av 19.02.2018.

### Grunngjeving for vedtaket

I den opphavlege søknaden av 09.10.2017 gjekk det fram at «Taxi 1 venter på leveranse av elektriske småbusser». Søknaden gjaldt fjerning av vilkår om rullestol og nedklassing til liten bil på 8 konkrete løyvenummer, mellom anna R-5004. No hevdar selskapet at ein ikkje vil gjera endringar på R-5004. Dei andre løyva er som kjent kalla tilbake.

I brev 23.11.2017 opplyser Taxi 1 at «*Hordaland fylkeskommune har på vegne og sammen med Taxi 1 søkt om tilskudd fra Miljødirektoratet for å bygge lade infrastruktur til drosjer. I søknaden er det eksplisitt fremhevet at Taxi 1 skal besette 10 maxi taxi løyver med elektriske minibusser*». (Vår understreking)

Omgrepet «elektriske minibussar» går òg igjen i rapporten *Ladeinfrastruktur for taxi bransjen i Bergen* der det i samband med etablering av ladestasjon på Taxi 1 sin eigedom, er opplyst at selskapet skal «*ta i bruk 10 el-minibusser og gradvis erstatte de andre bilene inntil de har (...) 20 mini-busser og 64 elektriske personbiler[...]*»

Løyvestyresmakta registrerer at Taxi 1 endrar føresetnadene undervegs. Først ville Taxi 1 ha bort vilkår om rullestol, men vil no halda fram med vilkår om rullestol. Løyvestyresmakta og miljøseksjonen hjå Hordaland fylkeskommune har lagt til grunn at det dreier seg om elektriske minibussar, men no hevdar Taxi 1 at det dreier seg om små bilar og held fast på nedklassing av storleiken. I tillegg tek Taxi 1 atterhald for det tilfelle at Statens vegvesen ikkje godkjenner rullestoltransport på motorvognene som er i bestilling. Selskapet vil då få koma attende til saka.

Løyvestyresmakta finn at det er mange usikre moment knytt til søknaden om midlertidig dispensasjon. Vidare konstaterer ein at føresetnadene ikkje er dei same som ein la til grunn då ein foreslo at Taxi 1 kunne søkja midlertidig dispensasjon frå vilkår om rullestoltransport inntil leveranse av elektriske minibussar. Dette er tilhøve som talar mot å gje midlertidig dispensasjon. Samstundes har regjeringa varsla høyring om yrkestransportregelverket hausten 2018, der mellom anna behovsprøvinga kan stå for fall. Det er uvisst om løyvestyresmakta i framtida vil ha høve til å stilla krav om vilkår på det einskilde løyve.

Etter ei heilskapleg vurdering finn fylkesdirektør samferdsel at løyvestyresmakta på det noverande tidspunkt, ikkje tek stilling til Taxi 1 sin søknad om nedklassing av 10 stk. løyve til bil med inntil 9 sete og plass til rullestol. Taxi 1 får midlertidig dispensasjon frå krav om rullestol på 8 stk. drosjeløyve, men skal halda fram med 2 stk. løyve med vilkår storleik 10-17 sete og plass til rullestol. På denne bakgrunn fattar fylkesdirektør samferdsel følgjande

#### **Vedtak:**

*Søknad av 09.03.2018 om midlertidig dispensasjon frå krav om rullestoltransport på 8 stk. drosjeløyve eigd av Taxi 1 AS vert innvilga. Midlertidig dispensasjon for 8 stk. drosjeløyve gjeld fram til leveranse av elektrisk rullestolbilar, men ikkje lenger enn ut 2019.*

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket til Klagenemnda innan ein frist på 3 veker etter at ein fekk melding om vedtaket. Klaga skal sendast til fylkesdirektør samferdsels. Følgjene av ei eventuell klage kan verta at vedtaket vert endra.

Etter forvaltingslova § 27 b kan søksmål om vedtaket er lovleg eller krav om erstatning som følgje av eit slikt vedtak ikkje reisast før parten har nytta høve til å påklaga vedtaket.

Med heimel i forvaltningslova §18 jfr § 19 har part – med visse unntak – rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må i så tilfelle venda seg til samferdselsavdelinga.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*